

Radøy kommune

Byggesak

Radøyvegen 1690

5936 Manger

Hyllestad 02.10.14.

### Søknad om dispensasjon gnr./br.nr 43.46. – rehabilitering av naust.

I samband med rehabilitering av naust søker eg med dette om dispensasjon frå arealformålet (LNF) og byggeforbodet i strandsona.

Naustet er 49 m<sup>2</sup>, er oppført i 1971 og har eternittak. Dette er no utslite/skadd og lek. I samband med rehabiliteringa vil dette verte demontert og levert på godkjend mottak. Naustet vil ikkje få endra areal eller bruk, og rehabiliteringa vil verte gjennomført i tråd med gjeldande kommuneplan.

Området har ingen funksjon som landbruksområde og viktige landbruk-, natur- og fritidsinteresser vert såleis ikkje tilsidesette.

Tiltaket med dispensasjonssøknad er nabovarsla, og det er ikkje registrert merknader.

Kartgrunnlaget eg har fått av kommunen er feil, og avstanden til grenselina er meir enn 4 meter – sjølv om det ikkje ser slik ut. Dette vil ein kome tilbake til i seinare sak.

Elles vil ein gjere merksam på at gnr./br.nr 43/91 og 93 vart innvilga dispensasjon for nybygg av naust i same området i juni 2011.

Håpar med dette at dispensasjon kan gjevast.

Med helsing



Arvid Wallevik

6957 Hyllestad